



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 03.01.2019
Vår ref: 17/00634-15
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter mineralloven for England gård i Askvoll kommune. Tiltakshavar: Svein Gunnar England

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON +47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

1. Tildeling av driftskonsesjon

DMF tildeler England Svein Gunnar (organisasjonsnummer 969 833 824), heretter kalla «tiltakshavaren», driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av mineralske ressursar i England gård på del av eigedomen gnr./bnr. 44/5 i Askvoll kommune. Mineralførekomenstn hører til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på 19 daa og går fram av kart over konsesjonsområde, sjå vedlegg 1.

I kommuneplanens arealdel er området øyremerk til noverande og framtidig steinbrot. Etter Askvoll kommune sitt vedtak datert 16.11.2017 er det gjeve dispensasjon frå kravet til utarbeiding av reguleringsplan for masseuttaket for området.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.



DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 350 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti som ein påkravsgaranti for et beløp på NOK 350 000 som skildra i punkt 5.11.

Før drifta startar gjort skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, sjå vedlegg 2;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, sjå vedlegg 3;

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

Ein bergteknisk ansvarleg for uttaket, skal vere på plass før drifta startar.

2.4 Andre vilkår

I tillegg til de andre vilkår, sett DMF ytterligare eit vilkår med følgjande innhold:

- Konsesjonsgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast, slik at den er lett synlig gjennom heile driftsperioden.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for England gård. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyringsfråsegnar med kommentarar frå DMF

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos dei i høyringsinstansane som framgår av adresselista i dette vedtaksbrevet.

Høyringsperioden var frå 11.07.2017 til 15.09.2017. For enkelte av høyringsinstansane var høyringsperioden frå 14.09.2017 til 13.10.2017.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Askvoll kommune

Kommunen gjorde DMF merksam på fleire partar som bør som bør få høyringsdokumenta tilsendt.

Kommentar: DMF sendte saka på høyring til dei aktuelle partane.



Statens vegvesen

Tilkomst til området må vere etter krava Handbok N100 og gateutforming. Avkøyrsla på søkast om særskilt eller vere ein del av ein reguleringsplan. Avkøyrsla skal være godkjent av Statens vegvesen før masseuttaket vert teke i bruk.

Kommentar: DMF tek fråsegna til etterretning. Vi legg til grunn at tiltakshavar følgjer opp forhold rundt avkøyrsla med Statens vegvesen.

Harald Haugen

Høringsparten påpekar at deira bruk ikkje er tatt med eller varsle slik som gjeldande jordskifte for Kumle og England krev. Han ber om at det ikkje vert gjeve konsesjon, før deira bruk er tatt med i planane.

Kommentar: DMF tek fråsegna til etterretning.

Retten til å inngå i planane til masseuttaket er eit privatrettsleg tilhøve.

Knut Robert Nordheim

Krev at gjeldande regler for driftstider, forureining, støy, anleggstrafikk i nabolag blir ivaretake på best mogleg måte med omsyn til miljø og nabolag.

Kan ikkje sjå at tiltaket gir verdiskaping og næringsutvikling då det ikkje vil generere faste arbeidsplassar for lokalsamfunnet.

Kommentar: DMF tek fråsegna til etterretning.

DMF har førelagt fråsegna for Tiltakshavar i e-post datert 18.10.2017.

Tiltakshavar visar til at det er O. Nesberg, Askvoll Maskinstasjon, som skal ta seg av utspreninga i steinbrotet. Når det gjeld lasting og transport visar han til eige sertifikat både på gravemaskin og traktor. Tiltakshavar visar til at det tidlegare er levert stein til lokale entreprenørar og privatpersonar, og ved fleire anledningar til Askvoll kommune. Etterspørsla er fortsatt stor. Planen ved drifta er å skape sin eigen arbeidsplass.

5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomensten. Dette inneber at ein



skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Ettergrunnboka er Tiltakshavaren heimelshavar til eideomen der konsesjonsområdet ligg. Tiltakshavaren har utvinningsrett til førekomsten.

5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 19 daa og går fram av «konsesjonsområde England gård».

I arealdelen av kommuneplanen er området øyremerk til noverande og framtidig steinbrot. Etter Askvoll kommune sitt vedtak datert 16.11.2017 er det gjeve dispensasjon frå kravet til utarbeiding av reguleringsplan for masseuttaket for området.

5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert den vedlagde informasjonen om økonomien i prosjektet. Etter DMF si vurdering er prosjektet økonomisk gjennomførbart.

5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på 19 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 9800 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 1500-2000 faste m³. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for England gård godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.



Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønsker å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Underveg i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsmåte for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomensten

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden ikkje opplyst kven som er tiltenkt rolla som bergteknisk ansvarleg for uttaket.

DMF tek inn som eit vilkår i konsesjonen at ein bergteknisk ansvarleg for uttaket, skal vere på plass før drifta startar. Dersom verksemda skal leige inn den ansvarlege, skal dokumentasjon på avtalen mellom Tiltakshavaren og den bergteknisk ansvarlege leggjast ved meldinga.

Etter DMF si vurdering vil Tiltakshavaren ha tilstrekkeleg kompetanse for å drive førekomensten når ein bergteknisk ansvarleg for uttaket er på plass.

5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga

Det finst ingen reguleringsplan for uttaket.

Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjelder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Kommunen sitt vedtak om dispensasjon frå krav om reguleringsplan datert 16.11.2017, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte januar 2018) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.



Søk i Artskart og Naturbase visar ingen truga naturmangfold i det konsesjonsområdet.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. Tiltaket vil medføre arealbeslag, endring av terrengformer og anleggsaktivitet. Anleggsaktiviteten fører med seg trafikk, støy og støv. Det er imidlertid per i dag ikke registrert truet biologisk mangfold i området. Videre er det et avgrenset tiltak i et området som det er gjort uttak av masse i siden byrjinga av 1900-tallet.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

Konsekvensar av tiltaket for kulturminner

DMF minner om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8.

5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga naturstein, blokkstein, skifer og murestein. Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av, det vil seie stein til bruk i uteareal, bygningar og monument.

Dette er eit moment som talar for å innvilge konsesjon.

5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Kommunen har stilt som eit vilkår i sitt vedtak datert 16.11.2017 at området skal tilbakeførast til landbruksdareal etter endt uttak og at det skal lagast mest mogleg naturlege overgangar til terrenget rundt. I driftsplanen skriv tiltakshavar at bergveggen skal sikrast der det trengst mot utrasing/nedfall og at oppsamla lausmassar skal leggast på hyllene og gjødslast for naturleg etablering av vegetasjon frå tilgrensande områder.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.



5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Tiltakshavar foreslår at det avsettes NOK 300 000 til sikring og opprydding etter avslutta drift. I berekninga av storleiken på den økonomiske sikkerheita, synar tiltakshavar til at uttaksområdet fortløpende skal tilbakeførast til jordbruksareal/beite. Vidare synar tiltakshavar til kostnadar ved kjøp av fyllmasser og jord, konsulent tenester, samt kostnader ved graving og transport.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 350 000 for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på kostnader ved massehåndtering og arrondering, sikring og konsulent tenester ved ein eventuell konkurs.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti.

Før drifta starta skal Tiltakshavaren stille ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 350 000.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphør eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemد; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått har DMF rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren.

Bankgarantien fell bort etter skriftleg samtykke frå DMF.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon



DMF finn det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informeraast umiddelbart.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

Dersom det blir endringar i krava til sikkerheit pliktar Tiltakshavaren å stille med ny påkravsgaranti og/eller signere en pantsettingserklæring som skal sendast banken, og inngå ein ny avtale om finansiell sikkerheit dersom denne skal bestå av anna enn bankgaranti aleine.

6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drifta ikke er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekost av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd



Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing



Marte Kristoffersen
seksjonsleder

Marit Ollestad
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Geir Sigurd Hovig*

Vedlegg:

Kart over konsesjonsområde.pdf
AVTALE OM FINANSIELL SIKKERHETSSTILLELSE.docx
PÅKRAVSGARANTI.docx
Driftsplan.pdf

Mottakarar:

Svein Gunnar England (enkeltpersonforetak)	England	6985 ATLØY
---	---------	------------

Kopi til:

Askvoll kommune	Postboks 174	6988 ASKVOLL
Vidar Kåre Olset	-	6985 ATLØY
Wincens Ask	-	6985 ATLØY
Arne Nordheim	-	6985 ATLØY
Solbjørg Marie Nordheim	-	6985 ATLØY
Joste in Kumle	-	6985 ATLØY
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863 LEIKANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøs av. 2	6863 LEIKANGER
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Harald Haugen	Sauesundet 12	6985 ATLØY
Oddrun Horne Haugen	Sauesundet 12	6985 ATLØY
Ester Dagrun Hugøy		6985 ATLØY
Hilde Lisbeth Amundsen	Grimstadvegen 81	5252 SØREIDGREND
Jarleif Amundsen	Grimstadvegen 102	5252 SØREIDGREND
Modulf Amundsen	Salhusvegen 27 C	5529 Haugesund